

# Kraftskulen > Energi frå gass

Ein fjerdedel av det totale energiforbruket i verda kjem frå naturgass. Naturgass er eit fossilt brensel, og naturgass finst ofte på dei same stadene som olje og kol. Noreg er den største produsenten av naturgass i verda, og det meste av dei norske gassførekomstane ligg djupt under havbotnen i Nordsjøen. Korleis vert gassen henta opp frå under havbotnen? Kva vert den norske gassen brukt til? Korleis kan gasskraftverk gjerast meir miljøvennlege?

## Oppgåver før du ser filmen

Lag eit tankekart som viser kva du assosierer med gass.

## Oppgåver til filmen

1. Kva er naturgass?
2. Kvar kjem naturgass frå?
3. Kva meiner ein med at Noreg har reservar av naturgass?
4. Kva er forskjellen på våtgass og tørrgass?
5. Korleis vert naturgassen distribuert til Europa?
6. Korleis er eit hydrokarbon bygd opp?
7. Kvifor er eit hydrokarbon så energirikt?
8. I rågassen finst uønskte stoff som vert fjerna ved reinsing. Nemn minst to slike stoff.
9. Kva meiner ein med ein CO<sub>2</sub>-ekvivalent?
10. Kva vil det seie å «felle ut» karbon frå CO<sub>2</sub>?
11. Kvifor arbeider ein for å fange og lagre CO<sub>2</sub>?

## Fordjupingsoppgåver

1. Lag ei liste over fordelar og ulemper med gasskraftverk. Grunnlegg kort dei ulike fordelane og ulempene.
2. Kvifor er fleire miljøorganisasjonar lite begeistra for eller direkte imot gasskraftverk i Noreg? Kva meiner du? Grunnlegg svaret.
3. Kvifor er det CO<sub>2</sub>-gass i gassfelt i Nordsjøen?
4. Kvifor ønskjer vi å redusere CO<sub>2</sub>-utsleppa frå gasskraftverk?
5. Kva meiner vi med uttrykket CO<sub>2</sub>-fangst? Beskriv korleis CO<sub>2</sub>-fangst kan gjerast. Bruk gjerne teikningar eller bilete for å illustrere kva som skjer.